



Møtereftrat

Referat frå møte 26.10.15 i Styringsgruppa for folkehelse

Dato / tid: 26.10.15 kl 18-2015
Referent: Magne Fylling
Stad: Gomerhuset
Møteleiar: Lidvar Giskeødegård
Til stades: Lidvar Giskeødegård, Johan Honningdal, Odd Grande, Camilla Brusdal, Ragnhild Kaldhussæter, Stefan Grindvik, Kristian Skålhavn og Magne P. Fylling
Forfall: Håvard Valderhaug
Kopi til: Bente Vikhagen, Dag Olav Tennfjord

Leiar Giskeødegård ønska velkommen til møtet.

Både innkalling og sakliste blei godkjent.

Leiar signaliserte at han ønska å ta opp ei sak under eventuelt.

Sak 6/15 Kartlegging av barns levekår i Skodje kommune

Folkehelsekoordinator gjorde greie for at 10 personar hadde vore med på å gje innspel til kartlegginga: Kommunelege, planleggar teknisk, barnerepresentant, einingsleiar barnehagane, einingsleiar skulane, helsesøster, leiar barnevern/ SLT-koordinator, leiar ungdomsrådet, leiar koordinerande eining og folkehelsekoordinator.

Resultatet av kartlegginga blei gjennomgått ganske grundig, og det kom til både presiseringar og tillegg i møtet, sjå vedlegg.

Kartlegginga, med tillegg som kom fram i møtet 26.10., blei teke til vitande.

Sak 7/15 Status på folkehelsarbeidet i Skodje kommune

I møte 13.04.15 utarbeidde Styringsgruppa for folkehelse eit «Handlingsprogram for folkehelsarbeidet i Skodje kommune 2015-2016.

Det var status på tiltaksdelen i handlingsprogrammet som blei sett fokus på.

Camilla Brusdal, representant for barnehagane, og folkehelsekoordinator gjekk gjennom status ut frå sine ansvarsområde, skriftleggjort i statuskolonne i handlingsprogrammet, sjå vedlegg.

Styringsgruppa tok statusrapporten til vitande.

Sak 8/15 Årshjul for arbeidet med folkehelse

I møte 13.04.15 vedtok styringsgruppa slikt årshjul for folkehelsearbeidet:

Januar:

Styringsgruppa for folkehelse med si breie samansetjing har følgjande agenda:

- Evaluere fjorårets folkehelsearbeid/vedta årsmelding
- gjere analyser av folkehelstilstanden basert på evaluering av fjoråret, ny folkehelseprofil og andre undersøkingar og faktamateriale som er tilgjengeleg.
- arbeide fram handlingsprogram.

Februar/mars:

Ulike tenesteområde i kommunen og frivillige lag blir utfordra til å ta vidare tiltak arbeidd fram i styringsgruppa.

Tenesteområda i kommunen må vise mål og tiltak i verksemdsplanane.

Men det er også viktig at det blir gjort eigne analyser, drøftingar og beslutningar om mål og tiltak i kommuneorganisasjonen og innan det frivillege arbeidet.

NB! Viktig å dokumentere at slike møte har funne stad og kva som er blitt vedteke. Effekten av gjennomførte tiltak bør kunne målast/evaluerast og dokumenterast.

Sept/okt:

Møte i Styringsgruppa for å få statusrapport frå ulike aktørar i folkehelsearbeidet.

Styringsgruppa for folkehelse drøfta kva for status det er ønskeleg at handlingsprogrammet skal ha.

Skal det vere ei føring, ei oppmoding, eit råd, eller skal det lagast sak til kommunestyret for få vedta handlingsprogrammet som forpliktande?

Styringsgruppa drøfta saka. Det var argument både for og imot å gjere handlingsprogrammet bindande og forpliktande gjennom kommunestyrevedtak.

Konklusjon: Styringsgruppa landa på at vi må avgjere status på handlingsprogrammet ved neste rullering, dvs slutten av januar 2016.

Sak 9/15 Eventuelt

Lidvar Giskeødegård fekk som leiar av styringsgruppa ein del merknader då referat frå møte 13.04.15 blei lagt fram som orienteringssak i formannskapet i vår. Hans oppdrag var å formidle merknadene tilbake til styringsgruppa.

Merknadene:

- Spørsmål om prinsipp/likebehandling knytt til at tre lag har fått disponere lokala til tidlegare frisklivssentral.
- Spørsmål om kvifor nystarta eldrekafe på sjukeheimen blei teken med i handlingsprogrammet og ikkje eldrekafeen som har eksistert i mange år på Jentekolonien.
- Ønske om ei oversikt over alle tilbod som finst i regi av frivillege lag i kommunen vår.